# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre** |
| **Møtestad:** | E-postmøte |
| **Dato:** | 15.04.2020 |
| **Tidspunkt:** | |

**Følgjande faste medlemmer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Leif Solemsli | Leiar | VANG |
| Marit Sletten | Nestleiar | LOM |
| Hilmar Høl | Medlem | ÅRDAL |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| - | | |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| - | | |

**Merknader**

Skriftleg tilbakemelding med tilslutnad til innstillinga i sak AU-4/2020 gjeve ved e-post frå alle dei tre faste medlemmene 15.04.20.

**Frå administrasjonen møtte**:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Kari Sveen | Nasjonalparkforvaltar |

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

| Leif Solemsli (sign.) | Marit Sletten (sign.) | Hilmar Høl (sign.) |
|---|---|---|

# Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| ST 4/2020 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til forslag om endring av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel | | 2019/16144 |

## ST 4/2020 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til forslag om endring av av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel

## Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 15.04.2020

### Vedtak

Innspel til revidert tilråding frå Fylkesmannen i Innlandet til Miljødirektoratet når det gjeld forskriftsendring for bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen i Jotunheimen nasjonalpark og Koldedalsvegen i Utladalen landskapsvernområde:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser ikkje behov for tidsavgrensa periodar for når el-sykkel kan nyttast på desse to definerte vegstrekningane, ut over at bruken skal vera naturleg avgrensa til berrmarkssesongen når vegane er farbare med vanleg tråsykkel. Bruk av el-sykkel på desse vegane vil ikkje skilje seg frå bruk av ordinær sykkel, og ein ser ikkje behov for å regulere ferdselen så lenge den skjer på opparbeidd veg/anleggsveg på berrmark. Det bør ikkje opnast for å nytte el-sykkel eller liknande farkostar som kan køyrast på snø, heller ikkje om det følgjer vegtraseen. Dette kan opne for uønskt trafikk inn i urørte område på ei tid av året da dyre- og fuglelivet er sårbare overfor forstyrringar.

Det vil uansett vera nyttig/nødvendig med skilting, som forklarer at ferdsel med el-sykkel inn i verneområda skjer på eige ansvar, og at det ikkje er lademoglegheiter i enden av vegen.

Dersom erfaringane etter to år er gode, bør det kunne vurderast el-sykkel på andre vegar innan verneområda på eit seinare tidspunkt.